



Bypakke Ålesund

Årsrapport for 2025



Innhald

Innleiing	3
Kommunikasjon	4
Økonomi	6
Forbruk og årsprognose 2025	6
Rammeendringar i 2025	8
Statleg tilskotsordning 2025	10
Samla rekneskap for Bypakke Ålesund 2025	11
Detaljert rekneskap ID7 Sekkepost kollektiv, trafikktryggings- og gang/sykkelprosjekt	12
Detaljert rekneskap ID11 Planlegging og prosjektering	13
Trafikkutvikling og inntekter i 2025	14
Trafikkutvikling	14
Trafikktalet frå bompengeselskapet Vegamot	14
Byindeks Ålesund	16
Inntektsutvikling	16
Elbilar	17
Gjennomsnittstakst	18
Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2025	19
Statens vegvesen	19
Møre og Romsdal fylkeskommune	20
Ålesund kommune	21

Innleiing

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdals fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund. Bypakken skal legge til rette for at ein større del skal sykle, gå og reise kollektivt samt gje eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle trafikantar. Bypakken skal bidra til ei attraktiv og berekraftig byutvikling.

I juni 2021 vart bypakken vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,0 mrd. 2021-kroner. Finansieringa av pakken er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakken. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år. Bompengeneinnkrevjinga hadde oppstart i august i 2022. Aktiviteten i 2025 er finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar.

Bompengordninga og rabattsystemet for bypakken er godt innarbeidd hos publikum i Ålesund. Brikkeandel for passeringar gjennom bommane i Bypakke Ålesund er på 94 prosent. Dette er ein høg del samanlikna med andre byar.



Kommunikasjon

Kommunikasjon er eit verkemiddel for å nå måla til Bypakke Ålesund. Vi har ein eigen kommunikasjonsstrategi til Bypakke Ålesund som beskriv korleis vi skal jobbe med kommunikasjon. Det er tilsett ein eigen kommunikasjonsrådgivar, i tillegg til at alle tre partane har egne kommunikasjonsrådgivarar som bidreg i dei ulike prosjekta. Målet med kommunikasjonsarbeidet er å sørge for at Bypakke Ålesund og prosjekta våre er synleg i regionen, og dermed auke kunnskapen og tilliten til det vi driv med. I 2025 hadde vi mange aktive prosjekt, og nokre vart også ferdig med byggearbeidet. Breivika-Lerstad har hatt høg byggeaktivitet gjennom året, og regelmessige oppdateringar på status. Siste halvår 2025 hadde kommunikasjon redusert kapasitet, men klarte likevel å oppretthalde dei viktigaste oppgåvene.

I styringsgruppemøtet 29. august 2025 vart det satt av pengar til kommunikasjonsressurs fram til 2034. Det er planlagt byggeaktivitet fram til 2033, og det er nødvendig å oppretthalde ein fast kommunikasjonsressurs i heile perioden. Behovet for kommunikasjonsressurs frå 2034 skal vurderast i forbindelse med handlingsprogrammet 2031–2034.

Vi hadde tre offisielle åpningar i 2025:

- Torsdag 9. januar var det offisiell åpning av **det nye kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum**. Bussane hadde tatt i bruk kollektivknutepunktet 23. desember 2024, men den offisielle åpninga vart utsett til etter jul. Fylkesordførar Anders Riise klippte snora.
- Tysdag 3. juni markerte vi at **prosjektet i Skarbøvika/Tonningsgate** var ferdig. Området hadde fått eit stort løft, med blant anna nytt sykkelfelt og fortau.
- Måndag 8. desember inviterte Bypakke Ålesund, Ålesund kommune, Sunnmøre Parkering AS, Statens vegvesen, FRAM og Helse Møre og Romsdal til felles åpning av nytt parkeringshus, betre tilkomst og eit moderne **kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus**.

Det har også vore ein del større omleggingar i trafikken gjennom året, blant anna på Lerstad og på Blindheim. Sjølv om omkøyningane blir godt skilta, men vi ser likevel at det har stor verdi å informere grundig om omleggingane gjennom nyheitssaker, illustrasjonar og nabomøter. Dei som blir påverka av omkøyningane har betre tolmod når dei er godt informert. Til høgje er eit eksempel på korleis vi nyttar illustrasjonar for å dele informasjon.

Det vart også jobba med å informere innbyggerane om endringa i elbilrabatten. Første informasjon gjekk ut rett etter vedtaka i kommunestyret og fylkestinget, og seinare informerte vi breitt når endringa nærma seg. Samtidig har det vore ein del endringar i finansieringa av prosjekt gjennom året. Då har vi prioritert å informere fortløpande, for å sikre at innbyggerane veit kva dei kan forvente av Bypakke Ålesund. Vi forsøker å vere open om både positiv og negativ informasjon, tydelege og saklege – som definert i kommunikasjonsstrategien.



Vi produserer regelmessig innhald til eigne kanalar. Her kjem nokre nøkkeltal frå 2025:

- Nettsida bypakkealesund.no
 - o 57 nyheitssaker
 - o Ca. 160.000 sidevisningar
 - o Mest populært innhald er bompengar, naboinformasjon og større nyhender
- Sosiale media:
 - o Ca. 100 innlegg og historier delt på Facebook og Instagram
 - o 664 000 visningar av innhaldet vi la ut på Facebook og Instagram
 - o 861 nye følgjarar på Facebook

Prosjekta i Bypakke Ålesund får mykje mediemerksmd, og vi prioriterer høgt å vere tilgjengeleg for pressa. Kommunikasjon hjelper også med presentasjonar, arrangement, førebuingar til politiske møte og både ekstern- og intern dialog med samarbeidspartnarane. I mai 2025 inviterte vi formannskapet i Ålesund kommune og styringsgruppa til Bypakke Ålesund på busstur til alle prosjekta våre. Målet var å auke kjennskapen til prosjekta, med spesielt fokus på korleis prosjekta hang saman, nytteverdien og utfordringar.



Økonomi

I samband med behandling av budsjett og handlingsprogram for perioden 2025 – 2028 var det knytt usikkerheit til inntektsgrunnlaget i Bypakke Ålesund. Styringsgruppa har no vedtatt at det ikkje skal startast opp nye prosjekt, utover tiltak i ID7 Samlepost gang/sykkel/kollektiv/trafikksikkerheit og ID1 Brosundbro før i 2030. I tillegg gjorde styringsgruppa i 2025 vedtak om å redusere rabatten for nullutsleppsøyretøy i takstklasse 1 frå 50 til 30 prosent. Desse to grepa har ført til at pakken sitt økonomiske omfang frå bompengeproposisjonen, og med gjeldande føresetnadar per 2025, er finansiert.

I 2025 vedtok styringsgruppa eit budsjett for 2025 for bypakken på 1 172 mill. kroner. Samstundes vart prognosen for året på 833 mill. kroner, altså lågare enn budsjettet. Årsaka til det var at tildelte midlar for nokre prosjekt var høgare enn planlagt framdrift og produksjon for året. Spesielt gjaldt dette E136 Breivika-Lerstad der ein hadde eit budsjett for året på 684 mill. kroner, men der prognosen for forbruk var 500 mill. kroner.

Rapporteringa etter 1. og 2. tertial viste ingen vesentlege avvik som måtte følgjast opp på porteføljenivå. I tredje tertial vart det klart at det blir kostnadsoverskridingar på ID8 Blindheim – Flisnes. Desse auka kostnadane vedtok styringsgruppa å finansiere ved bruk av porteføljestyling, og detaljar knytt til dette er omtalt under kapittel «Rammeendringar 2025»

Forbruk og årsprognose 2025

Ser ein på rekneskapen for Bypakke Ålesund under eitt, så er forbruket i 2025 på 791,8 mill. kroner, noko som er 333,8 mill. kroner lågare enn budsjettet for året og 41,3 mill. kroner lågare enn årsprognosen i vedtatt budsjett. Reduksjonen i forbruk sett opp mot årsprognosen, er ein følgje av endringar på fleire prosjekt forklart under.

ID	Prosjektnamn	Byggherre	Endringar samanlikna med årsprognosen
ID1	E136 Brosundbro	SVV	Redusert forbruk med 3,5 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Reduksjonen skuldast utsett oppstart av prosjektet.
ID2	Kollektivterminal – gateterminal i sentrum	MRFK	Redusert forbruk med 3,25 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Reduksjonen heng saman med at prosjektet endte med varige innsparingar som følgje av kontraktmessige forhold.
ID3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	SVV	Redusert forbruk med 2,1 mill. kroner i forhold til årsprognosen.
ID4	E136 Kollektivknutepunkt Campus Ålesund	SVV	Redusert forbruk med 1,96 mill. kroner samanlikna med årsprognosen.
ID5	E136 Breivika – Lerstad	SVV	Auka forbruk på 36,98 mill. kroner samanlikna med årsprognosen.
ID6	E136 Lerstadtoppen – Campus Ålesund	SVV	Redusert forbruk på 0,79 mill. kroner samanlikna med prognosen.
ID7	Sekkepost kollektiv, ts, sykkel, gåing	ÅK, MRFK, SVV	Har eit samla overforbruk på 2,4 mill. kroner samanlikna med prognosen.
ID8	FV60 Blindheim – Flisnes	MRFK	Redusert forbruk på 62,5 mill. kroner samanlikna med årsprognosen. Reduksjonen skuldast periodisering og utsett anleggsaktivitet til 2026.
ID10	Bomstasjonar		Meirforbruk på 3, 82 mill. kroner samanlikna med prognosen.
ID11	Planlegging og prosjektering		Mindreforbruk på 4,66 mill. kroner samanlikna med prognosen.

Rammeendringar i 2025

Ramma for bypakken er no på 5,37 mill. 2026-kroner. Det er ingen endring i samla rapportert sluttprognose for Bypakke Ålesund, men det er gjort omdisponeringar i 2025. I 2025 vart det behandla fleire saker med endring i styringsrammer:

- ID1 E136 Ny Brosundbro, gate fra Waterfront til Posthuskrysset på fikk styringsramme på 394 mill.2024-kr (ingen rammeendring).
- ID2 Kollektivknutepunkt i sentrum blir redusert med 27,72 mill. kroner fra 108,6 til 80,9 mill. kroner sak (sak 36/2025)
 - o Styringsgruppa vedtok disponering av Møre og Romsdal fylkeskommune sin del med 8,04 mill. kroner til ID7 og 3,1 mill. kroner til ID11 (finansiering av auka ramme for ID11 i sak 30/2025)
 - o Styringsgruppa vedtok disponering av Ålesund kommune sin del med 7,88 mill. kroner til ID7 og 3,1 mill. kroner til ID11 (finansiering av auka ramme for ID11 i sak 30/2025)
- ID8 Blindheim Flisnes får auka styringsramme med 62 mill. kroner fra 428 millioner til 490 millioner kroner. (sak 40/2025)
 - o reduksjon i prosjekt ID4 på 13,4 mill. kroner i egenkapital og 11,4 mill. kroner i bompengar for kommunal del. Totalt 24,8 mill. 2025-kroner.
 - o reduksjon i prosjekt ID702 på 37,2 mill. 2025-kroner for fylkeskommunal del.
- ID11 Planlegging og prosjektering av tiltak i ID7 (sak 30/2025)
 - o Styrking av ramme med 9,1 mill. kroner, finansiering blir avklart i samband med handlingsprogrammet .
- ID7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv har gjennomgått ei rekke rammejusteringar i 2025. Endringane er vist i tabellen under. Vedtaka som har medført rammeordningar i 2025 er:
 - o 4/2025
 - o 16/2025
 - o 17/2025
 - o 29/2025
 - o 31/2025
 - o 40/2025

Bevegelser på ID7 i 2025 (summer i mill. 25-kr). Basis er sak 31/2025 der endringer fra andre saker er kommentert.

ID	Prosjekt	Tidligere ramme (HP25-28)	Nedtrekk	Opptrekk	Ny ramme	Kommentar
701	Strakstiltak eks. sykkelnett	13,58			13,58	
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole	54,32	-110	45,68	0	Jmf. Vedtak i 40/2025. 37,2 mill. ID8. Rest fordelt på ID708 og ID767.
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	27,16	-20,16		7	
704	Tonningsgate	0		56,5	56,5	Jmf. Vedtak sak 16/2025
705	Sykkelveg/fel Steinvågen-Sentrum	0			0	
706	Sykkelveg, Nørvasund - Skuggenhaugen - Gåseid	0			0	
707	Sykkelveg Steinvågbrua	0			0	
708	Sykkelveg Hatlane, Fv. 399 Bvn	0			36,4	Jmf. Vedtak 40/2025 og 2/2026. Tentativ ramme.
709	Fv. 60 Blindheim-Flisnes, sykkeltiltak (utredes)	0			0	
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	13,58		3,25	16,83	
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass	33,95		20,68	54,63	
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	33,95	-30,95		3	
734	Fremkommelighet- Aspøya	13,58	-0,58		13	Justert til 18,39 mill. i sak 29/2025. Korrigert i 31/2025.
735	Fremkommelighet Borgundvegen v/Hatlane skole	4,07	-4,07		0	
736	Fremkommelighet v/Hellandbakken	13,58	-13,58		0	
737	Ny kollektivholdeplass, Kverve/Hoffland	4,07	-4,07		0	
738	Busstopp på Moa	6,79		0,26	7,05	
761	TS-strakstiltak	13,58		7,95	21,53	
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	20,37		5,63	26	
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	27,16		18,84	46	
764	Myrlandsvn fortau, del 1	20,37	-20,33		0,04	
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	3,67		0,62	4,29	Økt med 0,04 mill. ift. vedtak i sak 29/2025.
766	Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret	5,43	-1,23		4,2	
767	Fortau -skolevg Hatlane, Fv399 Bvn	4,07		32,33	36,4	Jmf. Vedtak 40/2025 og 2/2026. Tentativ ramme.
768	Emblem, Elvemyrsvegen, forlengelse fortau	2,72	-2,72		0	
769	Nytt kryss Borgundvegen - avkjøring Bogneset (skoleveg Hatlane)	5,43	-5,43		0	
770	TS-tiltak i skolekretsene til Volsdalen og Larsgården skoler, fortau	5,43	-5,43		0	
771	Storfjordvegen, fortau	3,4	-3,4		0	
772	Blindheimsvegen, fortau	1,36	-1,36		0	
773	Kverve, gangbro over fylkesveg	20,37	-20,37		0	
774	Myklebust, undergang fylkesveg	27,16	-27,16		0	
775	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	20,37	-20,37		0	
776	Myrlandsvegen, fortau del 2	20,37	-20,37		0	

Statleg tilskotsordning 2025

Også i 2025 fekk Bypakke Ålesund tilskotsmidlar frå Staten. Midlane i 2025 vart brukt slik:

Prosjekt	Byggherre	Tildelte tilskotsmidlar	Brukte tilskotsmidlar	Omtale
Fortau Ytre Hessen - Prosjektutvidelse	ÅK	3,2	0	Forseinking i prosjektet. Midlane blir brukt i 2026
E136 Hatlaåstunnelen - Vingårdsskiftet	SVV	10,1	10,1	Finansiering av prosjektutviding

Samla rekneskap for Bypakke Ålesund 2025

Samla rekneskap for Bypakke Ålesund for 2025 (mill. kroner)

Rekneskap 2025

		2025-kroner				1	2	3	4	5	6	7	8
		Ramme	Prognose	Framdrift		Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap							
		Gjeldende styringsramme	Rapportert sluttprognose	Byggestart (Prognose/faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/faktisk)	Til disposisjon	Budsjett	Årsprognose (i vedtatt budsjett)	Årsprognose (rapportert)	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik Årsprognose 4 - 3	Avvik Til disp 4 - 1
Bypakke Ålesund - Portefølje		5 204	5 204			-1 125,6	1 125,6	833,1	840,0	997,3	791,8	6,9	-285,7
1	E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt	406	406	Utsatt	Utsatt	-138,5	138,5	15,0	11,5	138,5	10,6	-3,5	-127,0
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	79	79	15.06.2023	01.12.2024	-17,4	17,4	5,0	1,8	6,0	1,6	-3,2	-15,6
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	98	98	15.06.2023	01.06.2026	-3,9	3,9	5,4	3,2	3,9	3,3	-2,2	-0,7
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	326	326	Utsatt	Utsatt	-1,2	1,2	2,0	0,2	2,1	0,0	-1,8	-1,0
5	E136 Breivika-Lerstad	2 691	2 691	01.03.2022	07.09.2027	-683,9	683,9	500,0	540,0	683,8	537,0	40,0	-143,9
6	E136 Lerstaddoppen-Campus	581	581	Utsatt	Utsatt	-9,5	9,5	32,5	32,0	9,6	31,7	-0,5	22,5
7	Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing	371	371	-	-	-73,5	73,5	71,6	78,3	0,0	74,0	6,7	4,8
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes	485	485	01.01.2024	31.08.2026	-180,2	180,2	185,0	157,2	153,4	122,8	-27,8	-23,0
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	46	46	-	-	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
10	Bomstasjoner	54	54	01.02.2022	22.08.2022	-0,1	0,1	0,2	4,0	0,1	4,0	3,8	3,9
11	Planlegging og prosjektering	67	67	-	-	-17,5	17,5	16,4	11,7	-	6,7	-4,7	-5,8

		Ramme	Prognose	Framdrift		Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap							
		Gjeldende styringsramme	Rapportert sluttprognose	Byggestart (Prognose/faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/faktisk)	Til disposisjon	Budsjett	Årsprognose	Årsprognose (rapportert)	Budsjett hittil i år	Regnskap hittil i år	Avvik Årsprognose 4 - 3	Avvik Til disp 4 - 1
Tilskuddsordning for mindre byområde													
1	Utvidelse av sykkelfelt Vindgårdskiftet (Hatlaåstunnelen - Vindgårdskiftet)	10,00	10,00			-10,0	10,0	10,0	10,00		10,1	-	-
2	Fortau Ytre Hessen - Prosjektutvidelse	0,00	0,00			-3,2	3,2	3,2	-		0,0	-3,2	-3,2

Detaljert rekneskap ID7 Sekkepost kollektiv, trafikktryggings- og gang/sykkelprosjekt
 Rekneskap 2025 for Post 7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gange (mill. kroner).

7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	1		2		3		4	
		Budsjett	Rekneskap	Årsprognose	Avvik 3-1				
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune	0,4	0,1		-0,4				
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole		0,1						
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum		7,5						
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	6,4	0,1	6,1	-0,3				
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	32,8	34,5	34,5	1,7				
708	Sykkelveg hovedsykkelakse Gåseid-Hatlane-Åse		0,9	1,5	1,5				
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	6,7	7,5	9,6	3,0				
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	13,8	20,4	20,0	6,2				
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	1,5	0,2	1,5					
766	Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret	3,8	2,8	2,8	-1,0				
	Sum	65,4	74,0	75,9	10,6				

Detaljert rekneskap ID11 Planlegging og prosjektering

Rekneskap 2025 for Post 11 Planlegging og prosjektering (mill. kroner)

11 Planlegging og prosjektering

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Finans.	Budsjett	Rekneskap HIÅ	Års- prognose	Avvik 2
112	Kommunikasjon	K	2,00	0,67	1,50	-0,50
701	Planlegging av mindre sykkeltiltak (ÅK)	K	1,50	0,06	1,50	
702	Sykkelveg ved Volsdalenscole	F	4,54	1,27	1,27	-3,27
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	K		1,37	1,48	1,48
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	0,56	0,16	0,16	-0,40
731	Planlegging av mindre kollektivtiltak (ÅK)	K	1,00	0,05	0,16	-0,84
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K	0,50	0,01	0,50	
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	1,01	2,07	2,80	1,79
761	Planlegging av mindre tiltak trafiksikkerhet (ÅK)	K	1,00	0,66	1,00	
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K		0,02	0,10	0,10
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	3,10	0,02	0,02	-3,08
	Sum		15,21	6,37	10,49	-4,72

Trafikkutvikling og inntekter i 2025


Transportarbeidet i Ålesund blir målt både gjennom bompasseringar og tellepunkt for trafikk på vegnettet. Vegamot sender rapportar kvar måned med utvikling i tal på passeringar gjennom bommane og inntektsnivået i Bypakke Ålesund. Ålesund fekk også ein eigen byindeks som følgje av at Bypakke Ålesund kom inn under ordninga om statlege tilskot til mindre byområde.

Trafikkutvikling


Rapportering frå bomselskapet Vegamot viser at vi har totalt 40 530 739 passeringar gjennom bommane i Bypakke Ålesund i 2025, og til samanlikning var det sam talet på 39 064 431 passeringar i 2024. Det utgjer 3,8 prosent auke i bompasseringar. Vegamot har sett nærare på tala og ser at det er ein auke i passeringar som skjer innan ein time etter førre passering, og dermed ikkje gir inntekt.

Trafikktal frå bompengeselskapet Vegamot

Trafikkutviklinga gjennom bommane i Bypakke Ålesund sidan bompengeinnkrevjinga starta er vist i figuren under



I figuren under er trafikktutviklinga vist måned for måned slik at det er lettare å samanlikne med same måned året før. Lave tal i august 2022 skuldast at bompenggeinnkrevjinga først starta opp 22. august. I 2025 var det om lag 40 mill. passeringar.




Byindeks Ålesund

Byindeksen for Ålesund viser ein trafikkvekst på 1,3 prosent frå 2024 til 2025. Trafikkutviklinga er korrigert for større omleggingar som gir endra trafikkmengd i ulike teljepunkt. Bypakke Ålesund hadde oppstart av bompengeneinnkrevjing i august 2022, og det kan derfor vere at trafikken i 2024 er påverka av dette. Det å ha 2024 som basisår for utrekninga av nullvekst i trafikken i Ålesund, kan derfor innebere noko usikkerheit. Fordelen med ein byindeks er at vi får nye utrekningar kvart år, og at vi da vil sjå trendane for trafikkutvikling i Ålesund.

I 2025 var det god aktivitet i bypakken sine prosjekt, og det førte også til omlegging i trafikken som igjen førte til at trafikken tok andre vegar enn vanleg. Dette har vi gått gjennom for å avgjere kva teljepunkt som vi må sjå bort frå manuelt, det vil seie teljepunkt som har god nok datakvalitet til å vere med men som vi vurderer til å gi skeivheit på grunn av vegstengingar / hindringar. Dette er manuelt arbeid, men vi meiner at indeksen gir eit bilde på trafikksituasjonen i Ålesund i 2025 samanlikna med 2024.


Inntektsutvikling

I figuren under er inntektsutviklinga vist månad for månad sidan bompengeneinnkrevjinga starta. I 2025 var det ei samla inntekt frå bompengar på om lag 360 mill. kroner. Til samanlikning var inntektene i 2024 på om lag 320 mill. kroner. Auke i inntekter skuldast takstauken vi hadde 1. januar 2025.




Elbilar

Det har vore fokus på utviklinga på tal elbilar som passerer bommane. Del elbilar har auka jamt sida 2022, og er per desember 2025 på over 40 prosent.



Gjennomsnittstakst

I bompengeproposisjonen er det fastsett at gjennomsnittstaksten i Bypakke Ålesund maksimalt kan vere 17,20 kroner. Gjennomsnittsinntekta i Bypakke Ålesund har utvikla seg som i figuren under:



I perioden september 2022 – mai 2023 var gjennomsnittstaksten prega av auke i talet på elbilar, noko som forklarar at gjennomsnittsinntekt per passering gikk ned. I perioden juni 2023 til august 2023 er det truleg sommartrafikken (fleire passeringar utan avtale/brikke) som forklarar at gjennomsnittsinntekta går opp. Frå og med 01.09.2023 vart det endra til at fullpriskundar og køyretøy i takstklasse 2 (tunge køyretøy) fekk månadstak. Dette forklarar reduksjon i gjennomsnittsinntekta frå og med september 2023. Frå september 2023 til desember 2024 vart gjennomsnittsinntekta jamt redusert, forklart med auke i talet på elbilar. I januar 2025 vart det gjort KPI-justering av takstane i Bypakke Ålesund med verknad frå bypakken starta opp og til 1. januar 2025. Denne endringa tok inn igjen reduksjonen i gjennomsnittsinntekt som vi fekk når timesregel vart innført for fullpriskundar i september 2023. Frå januar 2025 til desember 2025 var det ein jamn reduksjon i gjennomsnittsinntekt, og med ein ekstra reduksjon sommaren 2025 og der gjennomsnittsinntekta ikkje tok seg opp igjen. Årsaka skuldast at vi har fått fleire passeringar som er utan inntekt som følgje av at timesregelen slår inn. Frå og med 1. januar 2026 er det vedtatt redusert rabatt for nullutsleppskøyretøy i takstklasse 1. Dette vil gi auka gjennomsnittsinntekt frå og med januar 2026.

Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2025

Statens vegvesen

- **ID1 E136 Brosundbro – ny gate frå Waterfront til Posthuskrysset**
Bypakke Ålesund har vedteke styringsramme på 384 mill. (2023-kr). Posthuskrysset er fullført. Før utlysing står byggesak og intern kostnadsgjennomgang att. Søknad om styringsmål blir sendt i februar 2026.
- **ID3 E136 Kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus**
Hovudentreprise er ferdigstilt, og busstopp er tekne i bruk. Offisiell opning 8. desember 2025. Resterande arbeid gjeld grøntanlegg og avkøyrsløp. Prosjektet vert avslutta i 2026.
- **ID4 Kollektivknutepunkt Miljøgate Campus**
Ikkje prioritert i gjeldande handlingsprogram. Minimal aktivitet i 2025.
- **ID5 E136 Breivika–Lerstad**
85 % av tunnelen var driven ved årsskiftet - og gjennomslag i første løp venta i februar 2026. I dagsone er bruer og portalar ferdige. Tunnelmassar vert nytta til utfylling i Kipervika, eit felles prosjekt mellom Statens vegvesen og Sørsida. I påvente av kommunal avklaring til trinn 2 i det prosjektet vert ein del tunnelmassar mellombels lagra på Flatholmen. Tunnelmassar vert mellombels lagra på Flatholmen.
- **ID6 E136 Lerstadtoppen–Campus**
Styringsgruppa har sett av 97 mill. for perioden 2025–2028 til prosjektering, grunnverv og påkopling til firefeltsveg. Anna aktivitet er mellombels utsett. Revidert forslag blir lagt fram i februar 2026.
- **ID738 E136 Kollektivpunkt Moa**
Ferdigstilt i 2024. Finansiell avslutning skjer i 2026.
- **ID708 E136 Hatlaåstunnelen–Vindgårdskiftet**
Sykkelfelt og busstopp er tatt i bruk. Prosjektet er i avslutningsfase. Farging av sykkelfelt vert utført i 2026 når vêrtilhøva tillet det.
- **ID10 Bomstasjonar**
Ny bomstasjon installert i 2025 pga. midlertidig trafikkomlegging på Lerstad. Mindre vedlikehald på eksisterande stasjonar held fram.
- **Busstopp E136 Volsdalen / Color Line stadion**
Tiltaket har fått tildelt årleg 10 mill. i tilskotsmidlar i 2026/ 2027. Det skal etablerast busslommer på begge sider av E136, samt om lag 300 m. sykkelveg med fortau. Flytting av pumpestasjon inngår i prosjektet. Arbeidet er påbegynt i 2025.

Møre og Romsdal fylkeskommune

- **ID 2 - Kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum:** Sluttoppgjeret er fullført. Prosjektet hadde eit mindreforbruk på 27,72 mill. kroner, med ein reduksjon frå ei styringsramme på 108,6 mill. kroner til en sluttkostnad på 80,9 mill. kroner. Dette beløpet inneheld ikkje SVV sin del av ID 1 som utgjør ca. 15,6 mil.kr.
- **ID 8 – Fv.60 Blindheim – Flisnes:** I mai ble trafikken lagt om frå fylkesvegen til den nybygde kommunalvegen, mens oppgraderinga av den eksisterande fylkesvegen pågår. Siste del av forbelastninga er no ferdigstilt, og liggetida er i gang. Det er venta at forbelastninga kan fjernast og bygginga av den nye fylkesvegen kan starte opp i februar 2026. Alle fire undergangane i prosjektet er ferdig bygde. Den nye rundkøyringa ved Blindheimshallen er òg ferdig og vart opna for trafikk til og frå Ramsvika i desember. Prosjektet var elles etter plan og framdrift per desember 2025, og arbeidet med oppgraderinga av fylkesvegen vil halde fram så snart liggetida er avslutta.
- **ID 704 – Tonningsgate:** Prosjekt vart ferdigstilt i juni, det gjenstår berre sluttoppgjer med entreprenør.
- **ID 702 – Sykkelveg ved Volsdalen skole:** Som følge av at prosjektet ikkje lenger er fullfinansiert, er arbeidet med reguleringsplanen avslutta. Planprosessen vil ikkje bli vidareført før ny finansiering er avklart og prosjektet eventuelt blir tatt opp igjen.
- **ID 763 – Undergang på Bjørge:** Det jobbes med reguleringsarbeid. Reguleringsplanen kan først vere klar for offentlig ettersyn sommar 2026. Reguleringsplan er forventet ferdigstilt i slutten av 2026.



Ålesund kommune

- **ID7 761 – 3 Trygg skoleveg:** Tiltakene omfatter skilting av nedsatt hastighet på deler av strekningen samt forkjørregulering, etablering av 3 fotgjengerfelt med intensivbelysning, oppstramming av avkjørsler/kryss og oppgradering av bussholdeplass. I 2025 var mesteparten av prosjektet allerede gjennomført og det som gjenstod var et mindre tiltak ved Ruudvegen der et nytt forhøyet gangfelt skulle lages. Dette ble gjennomført men mangler fortsatt skilting og belysning for å bli ferdigstilt.
- **ID7 762 Trygg skoleveg - Fortau Ytre Hessen:** Hovedprosjekt som omfatter 550m med nytt fortau langs søndre delen av vegen ble ferdigstilt og overtatt av kommunens forvaltningsavdeling i slutten av 2025. Videre arbeid med nytt kryss, som er finansiert av tilskuddsmidler, vil starte februar 2026 og pågå frem til mai 2026.
 - Grunnet mangelfull prosjektbeskrivelse så ser vi at prosjektet ikke lenger holder ramme som ble vedtatt av styringsgruppa høsten 2024. Per nå ser vi mulige overskridelser på 3-4,5 mil.kr inkl. mva. Styringsgruppa ble orientert om dette i sak 28/2025.
- **ID11 732 Hessafjordveien – Snuplass Slinningen:** Snuplassen på Slinningen ble ferdig i 2022. Hovedprosjektet om ny kollektivtrase skulle starte i høsten 2025, men grunnet kapasitetsutfordringer internt i kommunen, samt en komplisert anskaffelse av konsulent i lag med VA i Ålesund kommune har dette måtte utsettes. Planlagt anskaffelse av konsulent vil skje på våren 2026.
- **ID11/7 734 Framkommelighet for buss og trygg skolevei Aspøya:** Prosjektet har i 2025 vært delt inn i to deler i prosjektering der første delen ser på punktvis tiltak rundt Aspøy skole og i tillegg en oppgradering rundt bussholdeplass Pensjonisten. Denne delen fikk i sak 29/2025 oppstartsvedtak og bygging vil skje i 2026. Del 2 av prosjektet ser på bussholdeplass Kirkegata der dialog skjer tett sammen med konsulent, FRAM og VY. Prosjekteringen for dette tiltaket fortsetter videre inn i 2026.
- **ID11/7 765 Aspøya skole:** vedtatt oppstartsvedtak på 4,25 mil.kr inkl mva i sak 29/2025. Prosjektering av punktvis tiltak ble ferdigstilt i 2025. Planlagt oppstart er februar 2026 med ferdigstilling innen sommeren 2026. Punktvis oppgraderinger av tre krysningsspunkt for å legge til rette for trygg transport for skolebarn.
- **ID7 731 Mindre kollektivtiltak – holdeplass Spjelkavika:** Prosjektet gikk inn i en byggefase i august 2024 og var ferdigstilt sommer 2025. Samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Bypakke Ålesund og vann- og avløpsavdelinga. Sluttoppgjør for prosjektet ble vedtatt i sak 45/2025 der det ble belyst at kostnader hadde økt fra 1,33 mill.2021-kroner til 7,5 mill.2025-kroner.



- **ID11 703 Sentrum til Volsdalen:** Kontrakt inngått med HRP som prosjekterende for strekket. Tiltak består av enkelte utbedringer av krysningspunkter/overganger, skilting, masseutskifting med oppgradering av asfaltsdekke og forbedring av eksisterende kryss Fjellgata mot Fjellturnveien. I sak 30/2025 fikk prosjektet et vedtatt oppstartsvedtak. Prosjektet går inn i en byggefase i 2026.

Samarbeidsprosjektene der byggherre er SVV og MRFK:

- Kollektivknutepunktet i sentrum – sluttoppgjør lagt frem i 2025
- Sørsida og Brosundet – prosjektet har fått oppstartsvedtak fra Styringsgruppa i høst 2025, men anskaffelsen er utsatt etter høring i planutvalget mars 2026.
- Blindheim – Flisnes – Utbygging forsetter med planlagt ferdigstillelse i 2027. Kostnadsoverskridelser i prosjektet har medført at kommunens andel i ID4 har gått ut etter vedtak i Styringsgruppa.
- Breivika – Lerstad – samarbeid om de kommunale vegene og hovedsykkelvegen
- Campus Ålesund og Lerstadtoppen-Campus – Etter mye samhandling så har kommunens andel i Campus-prosjektet gått over til Blindheim-Flisnes for å dekke kostnadsoverskridelser. Videre prosjektomfang for prosjektene blir presentert for Styringsgruppa i 2026. Ålesund kommune vil ikke ha EK i noen av disse prosjektene videre, men vil være med overordnet ved planlegging.
- Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus – Kommunen deltok hovudsakleg med planlegging og drøfting av tiltak inn mot sykkel og kollektiv. Prosjektet ble ferdigstilt i desember 2025.

